KROPP 9. TRINN

PÅ SKJERMEN:	I TIMEN:
	I denne timen skal vi jobbe med temaet kropp og grenser, og vi skal starte litt med temaet «red flags» eller raude flagg som mange nok han møtt på i sosiale medier. Raude flagg er eit begrep brukt for handlingar og væremåtar som kan varsle oss om at noko som skjer i relasjonane våre ikkje er bra for oss. Vi kan starte med å sjå denne videoen, sjølv om den absolutt ikkje er ein fasit på raude flagg: Mimi Webb - Red Flags (Official Music Video)
	**Etter videoen** kan elevane jobbe i grupper på 2-4 elevar. Dei får eit slikt oppgåveark der dei skal kome på eksempel på kva handlingar og veremåtar som passar inn i dei ulike kategoriane. Etter litt kan de godt sjå på dei saman og elevane kan eventuelt forklare kvifor dei meiner dette er raude flagg. Etter de har oppsummert snur dei arket og jobbar med grønne flagg. Det å bli bevisst på grønne flagg er viktig, for vi kan ofte bli gode på å finne det vi leiter etter, og då bør vi også leite etter det som er bra.
	Bruk gjerne denne kroppsscanninga i løpet av timen, eller/og andre gongar i løpet av månaden.

Spel – synest du dette er greitt?

- Del inn i trygge grupper på 4.
- Kvar gruppe treng eit sett med kort – NB! Ikkje skriv ut på begge sider!
- Gruppene klipper ut situasjonskorta og legg dei opp ned på bordet.
- Gruppa klipper ut svarkorta slik at dei får fire svaralternativ kvar.
- Dei speler med at det er kvar sin tur å trekke eit situasjonskort og lese situasjonen og legge kortet på bordet.
- Kvar elev legg sitt svarkort på situasjonen.
- Gruppa ser om dei er einige i svara sine, og lyttar og prøver å forstå kvarandre sine meiningar. Målet er nemleg ikkje å bli einige, men å forsøke å vise respekt for kvarandre sine grenser.



Korleis gripe inn når andre bryter grenser?

- Spør elevane kva situasjonen på bildet viser.
- Er jenta komfortabel med at guten er så nær?
- Kva ser vi på kroppsspråk og ansiktsuttrykk?

Det beste i ein slik situasjon er om guten her sjølv forstår at han går over jenta sine grenser, trekker seg litt tilbake og beklager.
Det er også fint om jenta klarer å seie frå ved å vri seg litt unna og seie frå at ho ikkje vil ha han så tett på.

Men ofte kan slike, og andre, situasjonar fortsette av ulike grunnar, og det er ikkje bra for nokon av dei. Derfor er det viktig at andre som legger merke til det som skjer veit korleis ein kan gripe inn. Så:

	• Spør elevane om dei er einige, usikre eller ueinige (med tommel opp, bort, ned) i at venner eller andre bør gripe inn når dei ser at nokon går over andre sine grenser slik. • Viss ja – korleis kunne dei gått fram på ein måte som vart så bra som mogleg både for jenta, guten og den/dei som griper inn? La elevane kome med forslag basert på strategiane som er lista opp under bildet. Om mogleg er det fint om elevane forsøker å rollespele situasjonen på ulike måtar for å erfare kva som fungerer bra og mindre bra.